



Stad kommune

NYTT frå Stad kommune / nov 2020

Informasjon til tilsette i Stad kommune

Info frå kommunedirektøren

Vi står no framfor ein svært krevjande budsjettprosess då inntektene ikkje stig i takt med utgiftene våre. Vi ser at dette skjer også i mange kommunar landet over, og det blir lagt planar for nedbemannning mange stadar. Grunnane til dette er vel som alltid samansette, men spørsmålet er likevel kva vi gjer hos oss for å finne ein balanse vi kan leve med framover. Utfordringane våre kring endring i alderssamansetjing gjer også til at vi må førebu oss på å flytte midlar frå tenester til barn og unge over til den eldre delen av befolkninga då det blir færre unge og fleire eldre. Vi er difor inne i det som må sjåast på som ei langsiktig omstilling. Dette kjem ikkje som ei overrasking på oss, men spørsmålet blir korleis vi skal klare det. Vi har gjennom samanslåingsprosessen til Stad kommune prøvd å førebu oss på dette gjennom måten vi organiserer tenestene våre på og korleis vi gjennom våre omfattande oppgåver kan bidra til samfunnsutvikling.

Kommunelova er tydeleg i sitt formål i § 1-1 når det gjeld kva ein kommune skal ta ansvar for:

«Formålet med loven er å fremme det kommunale og fylkeskommunale selvstyret og legge nødvendige rammer for det. Loven skal legge til rette for det lokale folkestyret og et sterkt og representativt lokaldemokrati med aktiv innbyggerdeltakelse.

Loven skal legge til rette for at kommuner og fylkeskommuner kan yte tjenester og drive samfunnsutvikling til beste for innbyggerne. Loven skal også legge til rette for kommunenes og fylkeskommunenes utøvelse av offentlig myndighet. Videre skal loven bidra til at kommuner og fylkeskommuner er effektive, tillitskapende og bærekraftige.»

Lova er klar på at ein kommune har fire roller – yte tenester, drive samfunnsutvikling, utøve offentleg mynde og vere ein demokratisk arena. Dette betyr at både tilsette og politikarane må finne samanheng og balanse i dette slik at vi fyller alle desse rollene.

I september vedtok kommunestyret kommuneplanen sin samfunnsdel som skal vere det overordna styringsdokumentet dei neste 12 åra. Denne skal gi retning for det langsiktige omstillingsarbeidet. Neste veke sender vi ut til politisk handsaming handlingsprogrammet som skal synleggjere korleis vi tenkjer å la desse overordna måla gi retning for handlingane våre i den første fireårsperioden. Målet med dokumentet er at det skal bli tydeleg for alle kva vi prioriterer, korleis vi skal arbeide og kva ressursar vi har tilgjengelege.

I Stad har vi bestemt at samskaping skal gjere det mogleg for oss å nå måla våre. Samskapings-kommunen er ein kommune der politikarar og tilsette



Vi er inne i det som må sjåast på som ei langsiktig omstilling.

Vi skal finne ein balanse vi kan leve med framover.



i størst mogleg grad finn løysingar saman med dei løysinga gjeld – enten det er enkeltpersonar, bygdelag, frivillige organisasjonar, næringsliv eller andre. Ei slik tilnærming til kommunen si rolle kan ikkje berre vedtakast, men må vekse fram og delast av aktørane i lokalsamfunnet. Politisk og administrativ leiing vil ha ei særleg viktig rolle i å drive fram eit slikt perspektiv. Ein føresetnad for dette er grunnleggjande tillit mellom dei to nivåa, og ei felles forståing av at innbyggjarar, næringsliv og frivillige organisasjonar er ansvarlege og aktive aktørar med ressursar, som ønskjer det beste for fellesskapet og den vidare utviklinga av lokalsamfunnet. For å kunne lukkast med å skape gode lokalsamfunn også i framtida, så må det vere ei dreining frå eit sterkt fokus på drift og levering av tenester, til utvikling og samskaping. Vi tenker dette er vegen å gå for å bli effektive, tillitsskapande og bærekraftige.

Det er fire prioriterte satsingsområde i dette handlingsprogrammet som omfattar delmåla og arealstrategiane i samfunnsdelen.

- Godt tenestetilbod
- Livskraftige tettstadar og samfunn
- Berekraftig miljø
- Samskaping og samarbeid

Satsingsområda og måla er tverrsektorielle. Det betyr at dei gjeld for alle tenesteområda, og at vi må arbeide saman på tvers av sektorar for å oppnå den utviklinga vi ønskjer. Dette vil difor også utfordre alle tilsette i Stad kommune dei komande åra. Utfordringane våre er store når det gjeld å få ressursane til å strekkje til. Det handlar om både kapasitet, kompetanse og økonomi. Difor må dei ressursane vi har både i organisasjonen og i samfunnet elles finne kvarandre når det er naudsynt for å løyse oppgåvene våre.

Vi skal delta i innovasjonsprosjektet «Den samskапande kommunen» for å utforske korleis vi må arbeide både administrativt og politisk dei neste åra for å lukkast med ei omstilling som gjer at ressursane strekk til og Stad kommune blir ein livskraftig og trygg kommune der vi alle dreg i lag.

Vi må ha langsiktige mål for å velje rett på kort sikt. Med andre ord så må vi vite kvar vi skal og kva som då er formålstenleg å gjere. Det er viktig at det vi gjer på kort sikt ikkje hindrar oss i å nå langsiktige mål. Vi veit at førebyggande arbeid ofte blir nedprioritert fordi dei akutte behova krev så mykje. Vi må ha eit folkehelseperspektiv i alt vi gjer både fordi folk skal få leve gode og sjølvstendige liv med størst mogleg grad av eigenmeistring, men også for at vi ikkje skal bruke ressursar på reparasjon når vi kunne ha satsa på førebyggande tiltak.

Ein bærekraftig økonomi er avgjerande for å kunne oppretthalde og vidareutvikle tenestetilbodet til kommunen sine innbyggjarar. Ein føreseileg og stabil økonomisk politikk gir grunnlag for god kvalitet i tenestene, fornøgde brukarar, innbyggjarar og tilsette. God økonomistyring og handlingsreglar for driftsbudsjettet, investeringsbudsjetten og finansforvaltinga skal bidra til å sikre ein framtidig bærekraftig økonomi. Stad kommune har lågt inntektsnivå samanlikna med mange



"Satsingsområda og måla er tverrsektorielle. Det betyr at dei gjeld for alle tenesteområda, og at vi må arbeide saman på tvers av sektorar for å oppnå den utviklinga vi ønskjer.

andre kommunar og vi har høg grad av gjeld sett i høve til driftsinnsektene. Auka lånegjeld fører til at renter og avdrag tar ein stadig større del av kommunen sine inntekter, og det blir mindre til drift. Det er difor viktig med handlingsreglar for å sikre at vi balanserer på ein bærekraftig måte mellom naudsynte investeringar og gode tenester gitt av engasjerte og kompetente tilsette.

Koronapandemien har prega heile dette året som har gått, og den vil klart få konsekvensar også framover. Næringslivet sine vilkår for å drive vil påverke både behova i samfunnet og dei offentlege midlane vi får til rådvelde. Kommunen sine vilkår for å drive både samfunns- og tenesteutvikling vil bli påverka av den vidare utviklinga. Prioriteringane i perioden vil difor måtte ta omsyn til dette og justerast underveis. Når vi i tillegg veit at vi må klare oss med færre tilsette i framtida, så blir det ei tid framover som blir sterkt prega av endring og omstilling. **Skal vi lukkast med dette, må vi alle dra i lag, både tilsette og politikarar i Stad kommune.**



Auka trivsel og aktivitet for elevane!

Fleire av skulane har denne hausten fått ferdigstilt viktige og tiltrengte tiltak for auka trivsel på skulane.

Nye garderobar og leikeborg på Selje skule

Arbeidet med rehabilitering av garderobane som starta opp i slutten av mai er ferdig. I midten av oktober kunne elevane ved Selje skule ta dei nye garderobane i bruk.

Garderobane er no lyse og fine. Det er montert baderoms-panel i garderobar og dusjrom, og elles er veggar og tak mala. Øydelagde golvflisar er erstatta med nye og det er sett opp nye benkar og anna inventar i garderobane. Dusjrommet har fått skiljeveggar mellom dusjane og i tilstøytande gangar er det mala, lagt nytt golvbelegg og montert nye lysarmaturar.

- Vi har venta tolmodig i svært mange år på oppgradering, så dette er veldig kjekt for oss alle, seier rektor Atle Solheim.

Leikeborg

3. november kom den nye flotte leikeborga på plass på Selje skule - til stor glede særleg for dei yngste elevane! Størstedelen av jobben med leikeborga er gjort på dugnad av foreldre i prosjektgruppa. Stad kommune har stått for ferdigstilling og utlegging av fallunderlag.

- Veldig kjekt å ha eit nytt anlegg på uteområdet er på plass. Vi er svært takksame for all hjelp både frå foreldre og uteseksjonen i Stad kommune, avsluttar Atle.



Det var stor glede særleg for dei yngste elevane då borga var på plass 3.11.

Stårheimsparken opna for aktivitet

Fredag 1. november klipte elevane ved Stårheim skule snora til den flotte leike- og aktivitetsparken ved Stårheim skule. Den tilgrodde grusbana ved skulen har blitt til ein topp moderne leikepark med store mogelegheiter for å utfalte seg, både når det gjeld klatring og ballspel.

Parken er bygd på initiativ frå skulen og bygda sjølv, og er kome på plass etter eit godt samarbeid mellom Stårheim IL, Stårheim bygdelag, FAU og skulen, med god hjelp frå tilsette i kommunen. Borna har fått vere med og bestemme aktivitetane - og parken inneheld no klatrepark, paviljong, kinadisse, kanonballbane, ballbinge, trampolineområde og balanseutfordringar. - Alt knytt saman av eit gummidekke med spennande utforming.

Heile parken har kosta kring fire millionar kroner. Tidlegare Eid kommune har av dette løyvd ca. 800.000 kroner og stilt ein lånegaranti på 2,6 mill NOK. Resten er finansiert med gåvemedilar, tippemedilar og ein enorm dugnadsinnsats.



Spente, stolte og jublende born ved Stårheim skule kan endeleg ta det nye leikeområdet i bruk!

Multiapparat på Nordfjordeid skule

1. november kunne Nordfjordeid skule feire opning av eit etterlengta multiapparat for klatring og leik midt på den store "tuntraplassen" ved hovudinngangen til skulen.

- Det er med stor glede vi kan gje elevane våre eit større og betre leikeområde. Aktivitet er positivt for både konsentrasjon og læring. Her blir det mykje moro og glede for pengane i mange år framover, jubla rektor Anne Grete Eikås.

Prosjektet har kosta 1,2 millionar kroner og har vore mogleg å få til gjennom eit spleiselas mellom kommunen, spelemedlar og stor dugnadsinnsats.



Lagarbeid gjev større moglegheiter, konstanterer rektor Anne Grete E.

Taletid på den nasjonale barnevernkonferansen

Bjarte Gangeskar, barnevernsleiar i Stad kommune, deltok som foredragshaldar på den årlege barnevernkonferansen 9. november. Konferansen sette i år søkelys på born sin rettstryggleik, moglegheiter for større stabilitet i tenestene og verktøy for konflikthandtering.

Bjarte heldt innlegg under temaet stabilitet og kompetanse i barnevernet, og belyste problematikken rundt det at *tilsette ikke deltek* i debatten om barnevernet. – Altfor ofte ser vi dei tilsette i barnevernet halde munn medan andre debatterer rolla og jobben deira. Eg ønsker å bidra til å synleggjere kva som er samfunnsmandatet vårt og kva dilemma vi møter i jobben vår, og dermed bidra til å minske skepsisen mange har til barnevernet. Ingen er tente med eit barnevern som ikkje blir sett i korta, meiner Bjarte Gangeskar.



- Viktig og kjekt å få høve til løfte opp synspunkt i nasjonale diskusjonar om barnevernet, seier Bjarte Gangeskar.

Fysio- og ergoterapi på Meistringskafe

Fysio-og ergoterapitenesta i Stad kommune har i haust delteke på fleire av arrangementa på Meistringskafeen. Meistringskafeen er ein del av prosjektet «Ut av einsemd-inn i aktivitet» i regi av Frivilligsentralen, der målet er å gje målgruppa viktige verktøy og kunnskap om korleis ein kan auke mestringskjensla i kvardagen, bli kjend med aktivitetar og møteplassar.

- Det er nyttig å ha denne typen sosiale møteplassar, kunne prate med folk, informere, gje folk høve til å stille spørsmål og diskutere tema i eit fellesskap. Blant tema som har vore oppe på Mestringskafeen er bl.a. styrke og balanse, hjelpemiddel, bustad og tilrettelegging. Folk viser interesse, og det har kome gode tilbakemeldingar fra dei som har vore tilstades for å høre på. Og ikkje minst har det vore sosialt og svært hyggeleg for alle som har delteke, poengterer Siv Rotevatn.



Siv Rotevatn, fysio- ergoterapeut i Stad kommune

Omstillingssdokument for Stad kommune

Den 05.11.2020 vedtok kommunedirektøren eit omstillingssdokument for Stad kommune etter drøftingar med dei hovudtillitsvalde. Omstillingssdokumentet skildrar dei ulike rollene og prosessen ved endringar og omstillingar og kva rettslege vurderingar som må drøftast for å sikre at vi følgjer lov- og avtaleverket.

Målet med omstillings- og endringsarbeid er å sikre at vi gir nødvendige tenester til våre innbyggjarar på ein effektiv og god måte. Vi må sikre god og riktig kompetanse for å få rett kvalitet på tenestene.

Vi har mål at alle tilsette skal kjenne seg involverte og handsama på ein ryddig og respektfull måte i omstillings- og endringsprosessar. Vi skal sikre god og tilstrekkeleg informasjon gjennom heile prosessen, med mål om at dei tilsette skal kjenne seg likebehandla, oppleve eit trygt- og godt arbeidsmiljø og føreseielege forhold.

Omstillingssdokumentet er utarbeidd av ei arbeidsgruppe der personalsjef, einingsleiarar, hovudtillitsvalde og hovudverneombod har vore med.

Omstillingssdokumentet finn du i compilio – personal og HMS – overordna styringsdokument, lov- og avtaleverk.



Heidi Kroken Bruland, personalsjef Stad kommune.

8 månadar med innbyggjartorg i Selje

Det var store forventningar frå innbyggjarar og tilsette då Stad bibliotek, avd. Selje flytta boksamlinga og opna opp i splitter nye lokale i Innbyggjartorget i Selje sentrum 10. mars i år. Så kom korona, og innbyggjartorget og biblioteket måtte stenge ned etter berre to dagar.

- Etter lang tid med biblioteket i kasser såg vi fram til å komme i gang med drifta att, så nedturen var stor når vi måtte stenge ned etter få dagar. Samtidig var det berre å snu seg rundt og tilpasse seg dei nye tilhøva. Vi var raskt ute med å tilby koronautlån. Ved å ta imot bestilling digitalt og levere ut ved sjølvhenting i døra, og frivillige som hjalp til med utlevering, så kunne vi halde oppe ei god drift likevel. I ei tid der lesing er blitt ein viktig syssel for mange, så var det ekstra kjekt at vi klarte å få til ei utlånsordning som fungerte trygt for folk og tilsette, seier bibliotekar Eli Eide Aarevik.

Samlokaliseringa av biblioteket, Selje frivilligsentral, Selje turistinformasjon og Selje pilegrimssenter i eit felles innbyggjartorg i 1. etg i kommunehuset har gjeve eit lett tilgjengeleg og samla tilbod for innbyggjarane og tilreisande. Innbyggjartorget skal også vere ein open møteplass for folk i alle aldrar, for arrangement og for lag og org som treng møtefasilitetar.

- Korona har sett begrensningar for aktiviteten her, men likevel ser vi at innbyggjartorget har skapt auka aktivitet for biblioteket. Allereie no i slutten av oktober er besøk og bruk av biblioteket sine tenester på veg mot eit rekordår! Veldig positivt og kjekt, avsluttar Eli.



Bibliotekar Eli Eide Aarevik meiner innbyggjartorget er på veg å bli ein suksess!


Innføring av Office365 og Teams i Stad kommune

Kommunane Stryn, Gloppen, Stad, Bremanger og Kinn har gjennom rådmannsgruppa vedtatt innføring av Office 365. Dette for å betre kvalitet, effektivitet og samhandling i og mellom kommunane.

IKT Nordfjord er ansvarleg for innføring av systemet i samarbeid med kommunane. Det er etablert ei interkommunal arbeidsgruppe som samarbeider med Nordfjordnett om innføring av Office365 og Teams i kommunane. Prosjektet skal sette Office 365 i drift i samarbeidskommunane som eit administrativt samhandlingsverktøy i tråd med tilråding/ROS analysar.

I kvar kommune skal det også settast saman ei intern arbeidsgruppe som skal legge til rett for og gjennomføre opplæring av tilsette i kommunen.

Prosjektet tok til i oktober 2020. Prosjektet skal levere rask og smidig innføring av Teams slik at systemet etablerer den nye standarden for videosamhandling. Prosjektet skal etter planen vere fullført innan første kvartal 2021.



- Vi gledar oss til å få på plass ein ny og betre samhandlingsplattform for Stad kommune, seier IKT-ansvarleg Anne Ruth Botn Bjørlo

Grafisk profil for Stad kommune

Arbeidet med utvikling av grafisk profil for Stad kommune starta opp i september. Ny grafisk profil er del 2 av arbeidet som Byrr starta opp i høve utforminga av nytt kommunevåpen.

Arbeidet omfattar kommunikasjons- og designkonsept med grafisk profil og ei enkel profilhandbok med retningsliner for bruk av profilen. Konsept skal vere overbyggande for kommuneorganisasjonen og for samfunnet elles. Målsettinga er at alle aktørar i samfunnet skal kunne bruke dette i sin kommunikasjon (næringslivet, lag og org. mfl.)

Arbeidet er finansiert gjennom kulturbyggingsmidlar frå reforma.



Byrr presenterte forslag til kommunevåpen for fellesnemnda i mars 2019.

Opnings- og arbeidstid i jula

Rådhus og kommunehus

Jule- og nyttårsafta er både rådhuset og kommunehuset stengt for publikum. Tilsette har likevel arbeidstid frå kl. 08.00-12.00 begge dagane.

28.-30.12 har rådhuset og kommunehuset opningstid frå kl. 10.00-14.00. Desse dagane har tilsette vanleg arbeidstid frå kl. 08.00-15.30.



Hovudinngangen til innbyggjartorget i Selje.

Lønsforhandlingar etter lønskapittel 3 og 5

Det vart gjennomført forhandlingar mellom arbeidsgjevar og organisasjonane for tilsette som er plassert i lønskapittel 3 og 5.

Kap. 3 gjeld leiarar, her under toppleiarar, einingsleiarar og assisterande leiarar. Leiarane får si løn fastsett lokalt, og får løna si direkteplassert (altså løna er ikkje fastsett etter ein lønstabell, men etter ei skjønnsmessig vurdering frå arbeidsgjevar si side). Det vert årleg gjennomført lokale lønsforhandlingar for leiarar omfatta av kap. 3. Også tilsette som vert innplassert i lønskapittel 5, får direkteplassert løn ved tilsetjing og får forhandla løna si lokalt utan fastsett lønspott. I Stad kommune gjeld dette kapittelet for dei som er tilsett i stilling som ingeniør, jordmor, lege, psykolog og rådgjevar.

Verknadstidspunktet for lønsendringa er frå 01.05.2020 då dette er avtalt i lønspolitisk plan for Stad kommune. NSF, Utdanningsforbundet og Legeforeningen ventar på mekling sentralt, og tilsette i desse organisasjonane får ikkje utbetalt lønsauken før partane sentralt er kome til semje.

Særskilde lønsforhandlingar etter kap. 4 og kap. 5

Elles vert tilsette innplassert i kapittel 4, der løna for dei ulike stillingsgruppene er fastsett sentralt. Årleg vert det gjennomført sentrale forhandlingar ut frå ein fastsett lønspott, men også lokalt dersom det sentralt vert sett av midlar til lokal lønspott. Vi har såleis høve for å forhandle om individuelle lønstilllegg, kompetansetillegg og funksjonstillegg lokalt dersom det vert sett av pengar til dette. Tilsette i kap. 4 har fått justert løna si sentralt, sjå tariffrevisjon pr. 01.05.2020. Det vart ikkje avsett lokal lønspott i 2020 til tilsette i kap. 4.

Det har vore gjennomført særskilde forhandlingar i kap. 4 og 5 med grunnlag i krav frå tilsette som har fått betydelige endringar i stillinga frå 01.01.2020. Nokre tilsette har fått endra løna si på dette grunnlaget.

Nye leiarar i organisasjonen

I løpet av hausten har vi ønska fleire nye einingsleiarar på plass i organisasjonen!



**Einingsleiar
Seljetunet omsorg og rehabilitering**

Annette Hovden (27) har teke til i stilling som ny einingsleiar for Seljetunet. Hovden er opphavleg frå Bryggja, er utdanna sjukepleiar med vidareutdanning innan leiing. Har tidlegare jobba som sjukepleiar og leiar på ulike nivå i Vågsøy kommune.



**Einingsleiar (konstituert)
Interkommunale helsetenester Nordfjord**

Kristine Gustavsen Hansen (39) tok til i stillinga som konstituert einingsleiar for Interkommunale helsetenester i august. Kristine er frå Sandane, er utdanna sjukepleiar og ambulansefagarbeider. Har erfaring i frå prehospitale tenester, og kommunale helsetenester. Har jobba ved interkommunale helsetenester sidan 2018.



**Einingsleiar
Rektor Stadlandet skule**

Stig Ågedal Mortensen (50) frå Kristiansand starta opp som rektor ved Stadlandet skule 2. november. Stig kjem frå rektorstilling ved Setesdal folkehøgskule i Telemark. Mortensen er utdanna ergoterapeut, pedagog og har brei erfaring frå arbeid med ungdom og idrett.



**Einingsleiar
Plan og forvaltning**

Svein Arne Fure (30) har teke til i stilling som ny einingsleiar for plan og forvaltning. Fure er opphavleg frå Sandane i Gloppen, er utdanna jurist og har tidlegare jobba i plan- og bygningssetaten i Bergen kommune.